


2020/2021

UNIVERSITETET I BERGEN OG SAMFUNNET



HELSING FRÅ REKTOR

Å drive eit stort universitet midt i ein verdsomspennande pandemi er ei krevjande oppgåve. Når vi ser tilbake på 2020, er det likevel med ei kjensle av stoltheit.

12. mars 2020 blir ein dag for historie-bøkene. Å måtte stengje campus og sende studentar og tilsette på heimekontor var nærast uverkeleg. Organisasjonen viste stor vilje til omstilling, og digital undervisning var på plass på få dagar.

For universitetet har 2020 handla mykje om å sikre helse og studieprogresjon for studentane. Det har og vore viktig å sikre dei tilsette sine føresetnader for å gjere ein god jobb.

Midt i ei krise er det også fint å sjå at mange av våre tilsette bruker sin faglege kompetanse til å opplyse samfunnet, og til å finne ny kunnskap. Fleire forskingsprosjekt er sett i gang

som følgje av pandemien, og gjennom Pandemisenteret som opna i 2020 kan ein via forskning, undervisning og formidling gi innovativ kunnskap som gjer samfunnet i stand til å takle framtidige pandemiar best mogleg.

Når ein blar her, ser ein noko av det Universitetet i Bergen har bidrege med til samfunnet i året som er gått. Og sjølv om det har vore eit annleis år, har vi verkeleg grunn til å vere stolte av det vi har fått til.

God lesing!



Margareth Hagen, rektor



UNIVERSITETET I BERGEN I 2020

ANDEL KVINNER OG MENN




ÅRSVERK



ULIKE NASJONAR

Universitetet i Bergen er eit internasjonalt universitet. Det viser seg i høg grad blant dei tilsette som kjem frå **91 ulike nasjonar**. Tyskland, Sverige, Storbritannia og Frankrike er dei landa som er høgst representert blant dei tilsette ved UiB etter Noreg.



INNTEKTER (I MILL. KRONER)






” Bergen hadde ikkje vore Bergen utan UiB. Å ha UiB midt i hjartet av byen gjer Bergen til ein meir internasjonal by, ein meir attraktiv by, og ein meir spanande plass å leve. Eg har sjølv mange gode minne frå mi tid ved UiB, og som byrådsleiar for havbyen Bergen ser eg og kor viktig UiB sine satsingar på marin forskning, klima- og energi er for heile regionen vår. Skal vi løyse store samfunnsutfordringar som klimakrisa, treng vi UiB som bindeledd mellom forskning, utdanning, næringsliv og det offentlege. Sist, men ikkje minst; det å ha 18 000 studentar i byen, med alt det inneber av kultur og debatt, gjer heile Bergen meir leiken og meir tenkjande.

Roger Valhammer, byrådsleiar i Bergen

BIDRAG TIL BERGEN

VARER OG TENESTER (I MILL. KRONER)




* Gjeld ikkje leverandørar med fakturaadresse/hovudkontor utanfor Bergen.

FORBRUK STUDENTAR (I MILL. KRONER)

2 356

Så mykje pengar la UiB-studentane igjen i Bergen i 2020 i form av husleige, handel og kulturopplevingar i byen.



” Næringsliv og offentlig sektor vert stadig meir kunnskapsintensive. Som vår fremste og største forskings- og utdanningsinstitusjon er Universitetet i Bergen regionens viktigaste ressurs og garantist for framtidig utvikling og innovasjon. For å skape berekraftig vekst og for å løyse vår tids største utfordringar, må vi få til eit enda sterkare samspel mellom akademia, næringsliv og offentlig forvaltning.

Marit Warncke, Administrerende direktør, Bergen næringsråd


STUDENTANE VÅRE

TAL PÅ STUDENTAR HAUST 2020




18 601

VESTLANDET



Vestlandet er den viktigaste geografiske rekrutteringsarenaen for Universitetet i Bergen.

FORDELING AV STUDENTAR



HJERNEGEVINST



44 prosent budde i Vestland fylke før studia, og 51,3 prosent bur der no – som gir ein netto tilvekst på 7,3 prosent.*

AKTIVITET UTANOM STUDIANE

83 %

Andel studentar som har jobb ved sidan av studia.*
Det tilsvarar ei arbeidskraft på 2 200 årsverk.

44 %

Andel studentar som har eit verv i ein organisasjon ved sidan av studia.*

30 %

Andel studentar som er engasjert i frivillig arbeid ved sidan av studia.*

* Tala er henta frå Sammen sin kandidatundersøking. Rapporten er utarbeida av ideas2evidence, på oppdrag frå Sammen Karriere. UiB, HVL og NHH har bidratt med finansiering.

SØKARTAL

12 %

auke i talet på søkarar som har studium ved UiB som førsteval frå 2019 til 2020. 11 660 søkarar hadde studium ved UiB som førsteval i 2020.

DEI MEST POPULÆRE STUDIA VED UiB



1. Rettsvitenskap: 1 968
2. Psykologi, profesjonsstudiet: 883
3. Medisinstudiet: 806

Studiet i rettsvitenskap ved UiB er blant dei mest populære i Noreg.

OMDØMME



UiB har eit godt omdømme blant dei unge mellom 18 og 25 år. 45 % har eit godt inntrykk av UiB.

Ein potensiell student må kjenne UiB for å vurdere å studere hos oss. Derfor har UiB jobba systematisk for å auke talet på folk som har kjennskap til universitetet gjennom det siste året.


Andel som vurderer å studere ved UiB blant dei som kjenner til oss:

28 % (2019)

33 % (2020)



LIVSLANG LÆRING



I eit berekraftig samfunn er det eit mål at flest mogleg skal vere i jobb. Koronaviruspandemien har ført til at mange blei permitterte frå jobbane sine, og enkelte tok fatt på etter- og vidareutdanning.

Universitetet i Bergen har i 2020 levert fleire kortare studietilbod i samarbeid med Kompetanse Norge, for å møte det akutte behovet for tilbod til dei som har blitt permitterte og arbeidsledige.

Etterspurnaden har vore stor, og UiB er ein føretrekt og relevant tilbydar av denne type studium.

STUDENTAR

1 866

studentar oppmeldt i ulike etter- og vidaregåande utdanningstilbud i 2020. Dette er ei auke på ca. 20 % frå 2019.

EMNETILBOD VED UiB

86

forskjellige emne på etter- og vidareutdanning, ei auke på 12 %. Alle fakultet er representert.



INTERNASJONALE UiB



UTREISANDE STUDENTAR (HEILE 2020)


451

INNREISANDE STUDENTAR (HEILE 2020)

869

Som einaste universitet i Noreg, sende Universitetet i Bergen studentar på utveksling hausten 2020. Koronaviruspandemien førte til at vi kun sende studentar til samarbeidsinstitusjonar i Europa. Vi har likevel teke i mot studentar frå heile verda.

NOREGS MEST SITERTE UNIVERSITET



UiB si forskning får gjennomslag og vert brukt av andre forskarar. Det viser evalueringane frå dei viktigaste rangeringane. Times Higher Education World University Rankings har gjennom fleire år rangert UiB som det mest siterte universitetet i Noreg, i 2020 med ein skår på 94 av 100.

BEREKRAFT

Overordna er det eit strategisk mål at forskning og utdanning ved UiB skal støtte opp under **FN sine berekraftmål**. Satsinga er tverrfagleg, med sterke fagmiljø på alle fakultet. Studentane kan velje mellom fleire studieemne og kurs innan berekraft.

UiB er tildelt ei leiande rolle i arbeidet med berekraftmål 14, Livet i havet, på vegner av FN-organisasjonen United Nations Academic Impact, samt International Association of Universities.

SDG Bergen er UiB sitt strategiske initiativ i arbeidet med FNs berekraftmål. Den primære oppgåva er å tilby vitskapleg rådgjeving til myndigheiter og internasjonale organ og dette skjer i hovudsak gjennom SDG Bergen Science Advice. I denne satsinga ligg og havsenteret Ocean Sustainability Bergen.

UiB er vertskap for den årlege berekraftkonferansen for universitets- og høgskulesektoren i Noreg – SDG Conference Bergen.



” Det siste året har eg besøkt Universitetet i Bergen ei rekkje gonger, og eg er imponert over den faglege breidda deira og korleis dei har tatt ei leiarrolle i arbeidet med FNs berekraftmål. For meg er det og viktig at UiB er langt framme i arbeidet med å følgje opp studentane, eg har spesielt merka meg den nye mentorordninga for studentar og korleis dei trekk lokale bedrifter og offentlege verksemder inn i utdanningane. I tillegg har UiB forskingsmiljø i verdstoppen, ikkje minst innanfor marin, klima og energi og store samfunnsutfordringar.

Henrik Asheim, Forskings- og høgare utdanningsminister



Rådgjeving om berekraftmåla

SDG Bergen Science Advice vart i 2020 invitert av FN til å gje innspel og konkrete forslag om korleis vitskap og forskingsbasert kunnskap kan bli integrert som del av rapporteringsgrunnlaget for ulike land sitt arbeid med 2030-agendaen og berekraftmåla. UiB er eitt av to universitet i verda som har fått denne spesielle invitasjonen.

Artikkelserie for FN

På førespurnad frå FN vart det i 2020 laga ein serie artiklar om havet og berekraftmål 14. Artikkelsen vart lansert 8. juni, på verdas havdag (World Ocean Day).



Havsenter

Forskingssenteret Ocean Sustainability Bergen (OSB) er eit bindeledd mellom fagmiljøa ved UiB og nasjonale og internasjonale beslutningstakarar og organ. Slik kan ein gjennom senteret bidra til at norske myndigheiter er i direkte kontakt med forskning og kunnskap som gjer at Noreg kan vere ein sentral aktør internasjonalt i implementeringa av berekraftmåla.

BEREKRAFTKONFERANSEN

2 630 

deltakarar på den nasjonale berekraftkonferansen i Bergen i februar 2021. Då verda ikkje kunne komme til Bergen, kom Bergen til verda, utan ei einaste flyreise. Grunna koronapandemien vart konferansen gjennomført heildigitalt, og deltakarar frå **105 nasjonar** følgde sendinga frå Universitetsaulaen i Bergen.



” Forbindelsen mellom berekraftig hav og å oppnå berekraftmåla er opplagt.

La meg bruke denne anledninga til å takke Universitetet i Bergen for å ta ei leiande rolle for å fremme berekraftmål 14, herunder som offisiell FN-hub for havforskning.

Utanriksminister **Ine Eriksen Søreide** under SDG Conference Bergen, februar 2021

FORSKING OG INNOVASJON

AVLAGTE DOKTORGRADER I 2020

242 

EU-REKORD (I MILL. KRONER)

146

I 2020 vart det rekneskapsført 146 millionar kroner frå EU til UiB. Det er rekord, og ei auke på 12 prosent mot året før.



Innovasjonshub for studentar

Sidan oppstarten i 2018 har rundt 200 studentar vore aktive i Innovasjonshub UiB. Det er eit tilbod til alle studentane ved UiB. Innovasjonshuben er ein kreativ møtestad for studentar som ønsker å byggje nettverk og utvikle innovative idear i samarbeid med andre. Aktivitetane ved huben er i stor grad styrt av studentane sjølve.

Storsatsing på studentinnovasjon

HVL, NHH og UiB har etablert eit samarbeid for å gje studentane på Vestlandet eit innovasjonsløft. Satsinga har fått namnet Bergen Entrepreneurship Academy (BEA). Målet er mellom anna å utvikle utdanningstilbodet innan innovasjon på tvers av dei tre institusjonane og skape felles møteplassar som legg til rette for studententreprenørskap.



SFI

Forskningsrådet tildelte i juni seks Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) til institusjonar i Bergen. UiB skal koordinere to senter; MediaFutures og SmartOcean, og er partner i fire andre, som vert koordinert ved NORCE (Climate Futures og DigiWells), Havforskningsinstituttet (CRIMAC) og Helse Bergen (Center for Mobile Mental Health).



ERC-tildelingar

UiB-forskarane Elisabeth Ivarsflaten, Nele Meckler, Ragnhild Muriaas og Inga Berre vart i 2020 tildelt det høgthengande forskingsstipendet Consolidator Grant frå Det europeiske forskingsrådet (ERC). UiB har ved utgangen av 2020 koordinatorsvar for 22 ERC-prosjekt.



Samarbeid med NORCE

NORCE er ein viktig forskingsbasert innovasjonspartner for UiB, og i 2020 har ei felles arbeidsgruppe hatt som siktemål å styrke samarbeidet ytterlegare. Mellom anbefalingane er å opprette eit samarbeidsutval, fleire faste møtepunkt og ei felles finansiell stimuleringsordning for samarbeidsprosjekt innan forskning og innovasjon.

HELSE



Pandemisenteret

Hausten 2020 opna Noregs fyrste pandemisenter ved UiB. Senteret skal produsere samfunnsrelevant kunnskap for førebygging og handtering av pandemiar i eit langsiktig perspektiv. Senteret har som føremål å initiere og leggje til rette for tverrfagleg forskings- og utdanningssamarbeid om tema relatert til pandemiar, rådgje og informere dei som styrer og ålmenta.

Vestlandslegen

Vestlandslegen er UiB sin modell for å utdanne framtida sine legar. Gjennom Vestlandslegen skal ein utdanne legar for heile regionen, ved å ta i bruk heile regionen. Hausten 2020 starta dei 20 fyrste medisinstudentane som skal bli Vestlandslegar. Studentane skal ta dei tre siste åra av medisinstudiet ved Universitetssjukehuset i Stavanger, og seinare skal sjukehusa i Førde og Haugesund også delta.



Alrek helseklynge

I oktober var det offisiell markering for Alrek helseklynge i forbindelse med opning av nybygget i Årstadveien 17. I helseklynga skal ein skape innovative helse- og omsorgsløysingar, ved hjelp av framifrå forskning og utdanning, fullverdige praksisarenaer og tverrfagleg samhandling.



Universitetet i Bergen er ein av våre viktigaste samarbeidspartnarar. Med etableringa av Pandemisenteret styrkjer universitetet sin innsats for Noreg og verda på eit svært viktig område. Vi treng mange sterke fagmiljø for å førebu oss og respondere på neste store epidemi. Saman må vi sikre at forskningsinnsatsen blir halden oppe, også mellom kriser.

Camilla Stoltenberg, direktør Folkehelseinstituttet

KLIMA



4 tonn

Studentar ved UiB og ei rekke samarbeidspartnarar rydda fire tonn plast under ein stor plastdugnad hausten 2020. Det var eitt av fleire grep universitetet gjorde i 2020 innan plastproblematikken. UiB vart også #plastsmart-partnar og har starta opp eit tverrfagleg nettverk av forskarar, stipendiatar og studentar som skal jobbe med utfordringar rundt plastforureining.



20 år

Bjerknessenteret for klimaforskning vart 20 år i 2020. I jubileumsåret vart støtta frå Kunnskapsdepartementet forlenga med fem nye år. For kvar krone i statleg støtte, hentar senteret inn seks kroner i forskingsprosjekt, nasjonalt og internasjonalt. Bjerknessenteret er eit av Europas største og fremste miljø innanfor naturvitskapleg klimaforskning, og er eit samarbeid mellom UiB, NORCE, Havforskningsinstituttet og Nansensenteret.

AAREBROTTFØRELESINGA

10 000



sjåarar har fått med seg Kikki Kleivens maratonførelesing om klimahistorie. Kleiven heldt Aarebrottførelesinga 2021, som grunna koronapandemien var ei digital førelesing sendt frå Universitetsaulaen i Bergen. Per 1. mars har fleire enn 10 000 sett førelesinga.

SOLCELLEANLEGG

1 000



UiB starta i 2020 opp sine første solcelleanlegg. No er 1000 panel i drift på taket av Odontologibygget og Alrek helseklynge. Samla vil dei levere meir enn 200.000 kWh i året. Fleire solcelleanlegg er under planlegging, som eitt av fleire tiltak som skal bidra til å gjere universitetet klimanøytralt innan 2030.

GLIMT FRÅ 2020



One Ocean

UiB er ein sentral samarbeidspartnar i «One Ocean», jordomseglinga med Statsraad Lehmkuhl som vart lansert i august 2020. Seglasen finn stad frå august 2021 til april 2023. Til dømes skal UiB under ein fire månader lang etappe i Stillehavet ta med 90 studentar på det berekraftige studieemnet SDG200: Hav, Klima, Samfunn.



Ny studentportal

Etter initiativ frå studentane lanserte Universitetet i Bergen portalen værgodmotdegself.no. Den skal hjelpe studentar å få ein betre kvardag etter koronautbrotet. Portalen inneheld forskingsbaserte råd og tips, basert på kunnskap frå fagmiljø over heile universitetet.



Friends of the ERC

UiB tok sommaren 2020 initiativ til kampanjen Friends of the ERC. Kampanjen fekk mykje omtale, og støtte frå fleire nobelprisvinnarar, forskarar og rektorar ved dei fremste universiteta i Europa. Over 25 000 akademikarar og andre frå heile verda har skrive under på oppropet.

Tett på våre eldste forfedre

Nye analysemetodar av mikroskopiske sandkorn syner for første gong korleis menneske som levde for mellom 100 000 og 70 000 år sidan organiserte buplassane sine. Funna frå Centre for Early Sapiens Behaviour (SapienCE) ved UiB kan også forklare kvifor nettopp desse menneska utvikla evna til å lage smykke og kunstgjenstandar.



Innhald og design: Kommunikasjonsavdelinga, UiB. Trykk: bodoni15. Foto: Fordele, Kim E. Andreassen, UiB / s. 2, Andrea Magjolin / s. 4, Vidar Langpland / s. 5, Bergen Hørgesforening (portrettbile) og Colobax / s. 7 og 8, Eivind Semset / s. 10, Eivind Semset og Marte Gammal (portrettbile) / s. 11, Asger Spanghe Brekke, TD/OU / s. 13, Eivind Semset og Foketensenteret (portrettbile) / s. 14, Ole Klundus Kvamme, UiB (Pilsongjard) og Unsplash / s. 15, Magnus Mathiesen Haaland



uib.no

I oktober 2020 opna Pandemisenteret ved UiB. Forskarar ved alle fakulteta skal saman finne svar og løysingar på samfunnet sine mange pandemirelaterte utfordringar – og førebu oss på den neste pandemien. Mange forskingsprosjekt er godt i gang, og endå fleire vil komme. >

